

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	30.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	15/1670	17/3931

## Høyring - Regional Transportplan 2018-2029

### Saksopplysingar:

Forslag til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 er no på høyring. Planen er ein langsigting regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland og er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024. RTP inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak. Overordna mål for RTP er at «Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretak mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet».

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver. I tillegg vert det utarbeidd eit eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, vert presentert i investeringsprogram for fylkesvegnettet.

Fylkeskommunen ønskjer å prioritera drift og vedlikehald av eksisterande vegnett (medrekna utbetring og sikring) framfor nye anlegg. Det er sett opp ein del gode overordna mål for drift og vedlikehald. Planen tek elles til orde for auka satsing på sykkel og gange. I dette ligg prioritering av gang- og sykkelnettet i tettstader.

### VURDERING

#### Fylkesvegnettet

Planen erkjenner at forfallet på fylkesvegnettet i Hordaland er stort, og at det er behov for vesentleg auka innsats for å ta vare på vegnettet. Målet er eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett, der vedlikehaldet blir styrka slik at veksten i forfallet blir stoppa.

Utdringane er store. Fylkesvegnettet i Hordaland har eit vedlikehalds-eterslep på 7,3 milliardar kroner, og vil utfrå gjeldande økonomiplan verta større dei neste åra. Det er urovekkande. Det blir difor vesentleg å utnytta midlane best mogeleg. Planen inneheld ein del strategiar som byggjer opp under dette, t.d. å legga nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og enkeltpunkt, der trafikktryggleiken for mijuke trafikantar står høgast i kurs.

#### Sårbart vegsystem

Nordhordland er i dag avhengig av eit svært sårbart statleg vegsystem over Hagelsundbrua, Nordhordlandsbrua og gjennom Åsane. E39 har her ingen brukbare omkjøringsvegar på fylkesvegnettet, noko ein har i mange andre deler av Hordaland. For vårt område vert det vist til at ei «full krisje» her må løysast med ferje/båt. Her burde RTP-framlegget vore langt tyngre i si oppbygging mot prioriteringane i Nasjonal transportplan, NTP.

Når det gjeld beredskapen på fylkesvegnettet, har fylkeskommunen ansvar for å leggja til rette for regionalt tilpassa transportberedskap ved ekstraordinære hendingar. Omkjøringsvegar ved stengingar på riksvegnettet har fått ein eigen plass i dokumentet, men her er ikkje konsekvensane for Nordhordland nemnt. Hyppige stans i trafikken på E39, særleg gjennom Åsane, kvalifiserer ikkje for høve til omkjøring. Det viser både den nasjonale og regionale prioriteringa av utbygging av ny E39 gjennom Åsane, samt etablering av eit snarleg, robust og døgnbasert, moderne båttilbod Bergen – Nordhordland. Det meiner rådmannen dette langt frå er tilfredsstillande.

### Sambandet Vest

To av representantane i Førebuande fellesnemnd – ny kommune, Kenneth Murberg frå Radøy og Nils Marton Aadland frå Meland, har på oppmoding frå fellesnemnda utarbeidd eit framlegg til høyringsuttale knytt til Sambandet Vest. Dette sambandet vil vera ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. I uttalen blir det understreka at prosjektet representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland.

#### **Framlegg til uttale knytt til Sambandet Vest:**

*Viser til Regional Transportplan 2013-2024 – Handlingsprogram 2015-2017 der Tverrsambandet (Sambandet Vest) er omtala. Prosjektet vil gje eit nytt samband mellom Øygarden/Askoy og Nordhordland. Det vil også kunne avlaste Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk. Eit interkommunalt selskap Sambandet Vest AS arbeider for å få realisert prosjektet med bompengar og fylkeskommunale midlar.*  
*I pågående kommunesamanslåingsprosess mellom Radøy, Meland og Lindås, er dei tre kommunane tildelt midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som skal målrettast mot infrastrukturtiltak som kan binda dei tre kommunane tettare saman.*  
*Ytterlegare midlar vert omsøkt, og midlane skal nyttast til planprosesser knytt til Sambandet Vest AS, og då med samanbinding av Radøy og Meland spesielt.*

*Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland.*

*Ein ønskjer difor at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029*

*Ein ber også fylkeskommunen merka seg at Radøy kommune har fatta positivt vedtak for oppstart av naudsynte planprosesser knytt til samanbinding av Meland og Radøy. Meland kommunestyre har i samband med igangsetting av arbeidet med planprogram for rullering av kommuneplan sin arealdel peika ut Sambandet Vest AS sitt val av vegløysingar over Meland som eit av dei prioriterte tiltaka.*

### Transport i Bergensområdet

Det er i planen ei betydeleg vektlegging av at personbiltrafikken skal ned, utan at kollektivtilbodet skal styrkast tilsvarande. Dette rimar etter rådmannen si meining dårlig.

Det er også eit krav om at arealutviklinga i kommunane skal skje i tilknyting til stamlinene i kollektivsystemet. Rådmannen meiner kollektivtilbodet i tilknyting til stamlinene ikkje er godt nok til å vera eit reelt alternativ til auka biltrafikkk. Sentrale deler av Bergen har eit godt kollektivtilbod, men ein skal ikkje langt utanfor Bergen kommune sine grenser før tilboden er langt dårligare utbygt.

Frå Knarvik og utover i distriktet er det regionstamliner austover langs E39, langs Fv57 til Mongstad og Fv 565 til Manger. utover dette er det trafikkgrunnlaget som er førande for rutetilbodet. Område med spreidd busetnad har difor ofte berre tilbod til arbeidsreisande i tillegg til eit minimumstilbod på dagtid. I tynt befolka område utgjer skulerutene det aller meste av tilboden. I praksis vert reisene i

slike område hovudsakleg basert på bruk av personbil. For å endra dette meiner rådmannen det må etablerast meir desentralisert innfartsparkering for privatbil og sykkel, både på det øvrige fylkesvegnettet og særleg langs det overordna nettet med regionstamliner.

#### Båttilbodet

Det skal lagast ein eigen trafikkplan som skal gje tilråding om framtidige båtsamband i fylkekommunal regi. Administrasjonen legg til grunn at aktuelle kommunar blir trekt inn i dette arbeidet. Rådmannen peikar på at eit utvida båttilbod frå Nordhordland vil i betydeleg grad kunne avlasta den vegbaserte trafikken til og frå Bergen sentrum. Det bør vera aktuelt å satsa på utvikling av null- og lågutsleppsteknologi, med statleg støtte.

#### Regionsenter

Rådmannen konstaterer at det ikkje er lagt opp til noko satsing på transportreduserande tiltak, auka kollektivtilbod eller auka satsing på sykkel og gange ute i kommunane generelt, utover noko tilrettelegging i regionsentra. Sentraliseringa fører til auka transportbehov, fordi regionale tenestetilbod som tidlegare låg i kommunesentra skal flyttast til regionsenter eller til Bergen.

#### Handlingsprogram 2018 - 2021

Hordaland Fylkeskommune vil samarbeida med kommunane om program for tiltak til trygg skuleveg (tiltak 5.2), reiseliv og kollektivtransport (tiltak 6.1) og ansvar for fysisk tilrettelegging for drosjenæringa (tiltak 7.6). Ansvaret for finansiering av tiltak på fylkesvegnettet i høve til reiseliv er tenkt delt på fylkeskommunen, kommunane og private aktørar (tiltak 5.6).

Når det gjeld Trafikkplan for båttilbodet (tiltak 7.4) og Handlingsplan for innfartsparkering (tiltak 7.5) er ikkje kommunane nemnt som samarbeidspartar. Rådmannen meiner kommunane bør vera samarbeidspartar også for begge desse tiltaka.

#### **Konklusjon**

Dei økonomiske rammene er stramme, og i stor grad bunde opp av tidlegare vedtak. Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetringar og investeringsprogrammet for Fylkesvegar blir såleis viktige politiske saker. Eit velfungerande vegnett er avgjерande for vekst og utvikling, og nødvendig for bergensregionen si framtid. Det same gjeld for båtruta, og den varsle Trafikkplanen for båttilbodet er ei viktig politisk sak.

Handlingsprogrammet bør oppdaterast slik at kommunane blir trekt inn som samarbeidspartar på fleire punkt som nemnt over.

For Radøy er det også viktig å påpeika kor sårbar regionen er utan tilfredsstillande omkjøringsveg som alternativ til Nordhordlandsbrua/Bergen. Rådmannen meiner RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld ny E39 gjennom nordre Åsane. Sambandet Vest vil vera ein alternativ omkjøringsveg og vera eit viktig trafiksikringsprosjekt, og samtidig bli ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland. For Radøy vil det difor vera ønskjeleg at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 - 2029.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune gjev følgjande uttale til planforslaget til Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2029:

Radøy kommune oppfattar Regional transportplan for Bergensområdet 2018 – 2029 som eit godt

plandokument når det gjeld tilstanden på fylkesvegnettet og strategiar for å oppgradera / trygga trafikksituasjonen.

Radøy kommune vil framheva behovet for auka innsats for å ta igjen etterslepet på oppgradering av fylkesvegnettet.

Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetringar, investeringsprogrammet for fylkesvegar og trafikkplan for båttilbodet blir viktige politiske saker som det er naturleg at kommunen blir trekt inn i.

Handlingprogrammet må oppdaterast slik at kommunane blir tekne inn som samarbeidspartar i tiltak 7.4 (båttilbod) og 7.5 (innfartsparkering). Dette gjeld også tiltak 5.6 (fylkesvegnettet og reiseliv) i den grad det er aktuelt for kommunane å vera med på finansiering.

For å nå måla om redusert biltrafikk utanfor Bergen må kollektivtransporten byggast ut.

RTP må i samarbeid med Staten påta seg ansvar for å framskunda utviklinga av ein framtidsretta kollektivtransport på fjordsystemet i bergensområdet.

Det må bli generelt meir fokus på utbygging av gang- og sykkelveg som tiltak for å redusera biltrafikken.

RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld ny E39 gjennom nordre Åsane.

Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland. Det er ønskjeleg at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029.

## **Kommunestyret i Radøy - 015/2017**

### **KS - handsaming:**

Kenneth Taule Murberg (H) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*Radøy kommune sender brev til politisk leiing i Hordaland Fylkeskommune og etterlyser vedtatt «vedlikehald på Radøy-vegane i 2015». Radøy kommune ønsker også at forhold rundt ny Alversund bru blir tydeleggjort og oversendt til politisk leiing i Radøy, formannskapet/kommunestyret i Radøy*

### *Innhald i brevet:*

- *Radøy kommune etterlyser vedtatt vegvedlikehald, budsjettert og vedtatt i 2015. Og ønsker ei tilbakemelding på status for saka*
- *Radøy kommune stiller seg kritisk til at politiske vedtak ikkje blir følgt opp, og ønsker no handlingskraft.*
- *Radøy kommune er kritisk til dobbelkommunikasjon rundt Alversund bru, og ber om at politisk leiing klargjer sitt standpunkt i saka, og oversender svar til politisk leiing i Radøy kommune.*

- o Kan vi forventa som lova at ny bru er på plass innan 10 år.*
- o Korleis tenkjer fylket å finansiera ny bru?*
- o Radøy kommune forventar at finansiering blir garantert av Fylkeskommunen, og ønsker ei stadfesting på dette.*
- o Radøy kommune ber politisk leiing i Hordaland fylkeskommune tydeleggjera sitt standpunkt i forhold til Nyborgtunnelen.*

Ordførar Jon Askeland sa at han kjende seg ikkje att i påstanden om dobbelkommunikasjon knytt til

Alversundbrua. Han peika på at fylkeskommunen har gjort vedtak om å bygga ny bru, og at han ser det som opplagt at dette er eit prosjekt som fylkeskommunen også skal betala.

Ordføraren viste også til at det var ei administrativ avgjerd i fylkeskommunen om å ikkje tilbakeføra asfaltmidlar til Radøy, etter midlane vart trekt tilbake i samband med arbeid knytt til legging av den nye Kollsnes-Mongstad-linja.

**Ordføraren gjorde følgjande framlegg:**

*Tilleggsframlegget frå Kenneth Taule Murberg (H) vert oversendt formannskapet for vidare handsaming og uttale i saka.*

Leif Taule (SP) ba om gruppemøte.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**KS - vedtak:**

Radøy kommune gjev følgjande uttale til planforslaget til Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2029:

Radøy kommune oppfattar Regional transportplan for Bergensområdet 2018 – 2029 som eit godt plandokument når det gjeld tilstanden på fylkesvegnettet og strategiar for å oppgradera / trygga trafikksituasjonen.

Radøy kommune vil framheva behovet for auka innsats for å ta igjen etterslepet på oppgradering av fylkesvegnettet.

Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetringar, investeringsprogrammet for fylkesvegar og trafikkplan for båttilbodet blir viktige politiske saker som det er naturleg at kommunen blir trekt inn i.

Handlingprogrammet må oppdaterast slik at kommunane blir tekne inn som samarbeidspartar i tiltak 7.4 (båttilbod) og 7.5 (innfartsparkering). Dette gjeld også tiltak 5.6 (fylkesvegnettet og reiseliv) i den grad det er aktuelt for kommunane å vera med på finansiering.

For å nå måla om redusert biltrafikk utanfor Bergen må kollektivtransporten byggast ut.

RTP må i samarbeid med Staten påta seg ansvar for å framkunda utviklinga av ein framtidssrettet kollektivtransport på fjordsystemet i bergensområdet.

Det må bli generelt meir fokus på utbygging av gang- og sykkelveg som tiltak for å redusera biltrafikken.

RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld ny E39 gjennom nordre Åsane.

Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland. Det er ønskjeleg at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029.

Tilleggsframlegget frå Kenneth Taule Murberg (H) vert oversendt formannskapet for vidare handsaming og uttale i saka.

**Vedlegg:**

hoyringsbrev\_planforslag-rtp\_24022017  
Regional transportplan\_2018-2029\_planforslag

